

Adresseliste

Vår dato: 18 FEB 2013

Vår ref.: NVE 201000310-3 tbd/lag

Arkiv: 401

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Lars Grøttå

Damsikkerheit - informasjonskriv 1 - 2013

Bakgrunnen for informasjonsskrivet er at NVE ynskjer å fokusera på enkelte tidsaktuelle tema og informere om status i høve til regelverket som gjeld sikkerheita ved vassdragsanlegg.

Dette skrivet omhandlar nokre reglar i damsikkerheitsforskrifta, litt om regelverksarbeid, informasjon om NVEs oppfølging av dameigarar i 2013 samt FoU-aktivitetar og kompetansesituasjonen. Informasjonsskrivet rettar seg i første rekke mot personar med vassdragsteknisk ansvar, det vil seie leiar, vassdragsteknisk ansvarleg (VTA) og tilsynspersonell hjå anleggseigar og til NVE-godkjente fagansvarlege. Leiar har ansvaret for at informasjonsskrivet blir kjent for alt personell som arbeider med sikkerheits- og tilsynsoppgåver ved vassdragsanlegga.

Omorganisering NVE

Frå 1.1.2013 har NVE fått ny organisasjon. Seksjon for damsikkerheit er no organisert under avdeling for Tilsyn og beredskap saman med miljøtilsynet og beredskapsseksjonen. Avdelinga har ansvaret for tilsyn med vassdrags- og energianlegg og koordinerer NVE si totale tilsynsverksemd. Vidare har avdelinga ansvar for kraftforsyningsberedskapen. Dette inneber også å understøtte NVEs andre avdelingar i deira arbeid med beredskapsoppgåver. Avdelinga vert leia av Ingunn Åsgard Bendiksen.

Klassifisering

Etter damsikkerheitsforskrifta § 4-1 og merknaden til § 10-2 skal den ansvarlige i dei tilfeller der dammar og vassvegar manglar gyldig vedtak om klasse snarast råd ”fremme et begrunnet forslag om konsekvensklasse”.

Dammar og vassdragsanlegg som er klassifisert etter ”forskrift 18. desember 2000 nr. 1317 om klassifisering av vassdragsanlegg”, men som kan være uriktig klassifisert etter ny forskrift, skal den ansvarlige seinast innan fem år etter ny forskrift blei gjort gjeldande, dvs. innan utgangen av 2014, klassifisera på nytt etter reglene i kapittel 4 i damsikkerheitsforskrifta.

NVE erfarer at enno manglar mange dammar og vassdragsanlegg gyldig vedtak om klasse, klassen er berre skjønsmessig fastsett. Kravet om å klassifisera vassdraganlegg blei innført i forskrifta frå 18. desember 2000 og har vore gjeldande i over 12 år. Det er derfor på tide å få gyldig vedtak om klasse på

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvieien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

anlegg som manglar. Klassen er avgjerande for kva slags sikkerheitskrav som blir stilt og derfor er det viktig at den ansvarlege snarast råd sender søknad til NVE.

NVE utarbeider no ein ”veileder til damsikkerhetsforskriften” om klassifisering som vil verta sendt på høyring i mars/april 2013.

Revurdering og hovudtilsyn

Den årlege innrapporteringa etter damsikkerhetsforskrifta viser at det er store manglar når det gjeld gjennomføring av hovudtilsyn. NVE vil derfor minna om forskrifta sine krav til hovudtilsyn.

Hovudtilsyn skal gjennomførast minimum kvart 5. år for dammar og vassvegar i klasse 2-4 og kvart 7. år i klasse 1. Utførande skal vera VTA saman med ein med minimum tilsvarende kompetanse som VTA. Rutinane ved og resultatata frå periodisk tilsyn skal kontrollerast ved hovudtilsyn. Det skal gjerast grundig inspeksjon, tilstands- og funksjonskontroll av dam, luker og vassveger. Kontroll av dammen sin klasse og om flomberekningane og teikningar må oppdaterast må inngå. Vidare skal instrumenteringa og måleresultatata derifrå kontrollerast.

Hovudtilsynet skal oppsummerast i ein rapport med oppstilling av avvik frå gjeldande krav, med konklusjonar og prioritering av tiltak, deriblant om det er nødvendig å framskunda revurdering.

Ved revurdering skal vassideinspeksjon inngå. Inspeksjonen utførast vanlegvis på nedtappa magasin, då det gir best dokumentasjon av tilstanden på vassida. Om muleg; prøv å gjennomføra vassideinspeksjon på lågt magasin i tørrår. Dersom det då er vanskeleg å få med fagansvarlig, kan VTA saman med kvalifisert tilsynspersonell gjera inspeksjonen (gjerne saman med annan VTA). Dokumenter då inspeksjonen godt med bilete og tekst. Mål inn eventuelle setningsboltar. Ein slik dokumentasjon er betre enn ROV- og dykkarundersøking, og NVE vil difor akseptera noe avvik i tid. I praksis kan 3-5 år gamle inspeksjonar akseptast i slike høve, sjølv om kravet til revurdering er at inspeksjonar ikkje skal vera meir enn 2 år gamle.

NVE vil omtala vassideinspeksjon nærmare i eige skriv som vil bli lagt ut på nettsidene våre.

Beredskap/DBB

I samband med årets innrapportering med frist 1. mars vil det også bli spurt etter status for beredskapen når det gjeld dammar og vassvegar. Vi minner derfor om krav til beredskap i damsikkerhetsforskrifta. ”For vassdragsanlegg i klasse 2, 3 og 4 skal det foreligge beredskapsplan for situasjonar i vassdraget tilknyttet vassdragsanlegget som kan volde betydelig fare for mennesker, miljø eller eigendom”. Ved bygging av nye anlegg skal beredskapsplan føreligga frå byggestart og beredskapsplanen skal bygga på analyse av risiko og sårbarheit og på utførte dambruddsbølgeberekningar

Beredskapsplanen skal minimum omfatta grenseverdier som utløyser beredskap, varslingsrutinar og innsatsplanar basert på analysar av mulege forhold og situasjonar som avvik frå det normale. Vidare skal planen gi oversikt over tilgjengeleg personell og materielle ressursar og omtale av utvida overvaking ved beredskap.

Planen skal øvast minst kvart tredje år for å avdekka manglar i planen og for å trenast i handtering av krisesituasjonar. Ein kan variera frå skrivebordsøvingar til større øvingar der også myndigheiter med ansvar for redning og evakuering inviterast til å delta.

Den ansvarlege for dam og vassvegar skal gi relevante opplysningar om eigen beredskapsplan, varslingsrutinar og mulege råka områder til myndigheiter som er ansvarlege for evakuering og redning i området.

Beredskapsplanen skal også bygga på utførte dambruddsbølgerekningar. Kravet om å utføra dambruddbølgerekningar har vore der i over 12 år, og etter rapportert plan frå eigarane skulle berekningar for alle dammar vore slutførte i 2010. Men enno manglar mange berekningar for dammar i klasse 2, og også i klasse 3. Ein minner om kravet i forskrifta til eigarar av dammar i klasse 2-4 om å utføra dambruddbølgerekningar og ber om at dei som ikkje har fått utført dette til no, prioriterer dette arbeidet.

Når det gjeld retningslinja for dambruddbølgerekning er den ikkje heilt oppdatert, blant anna når det gjeld presentasjon av 2D-berekningar. NVE vil etter møter med bransjen leggja ut oppdatert informasjon om temaet på våre nettsider. Men inntil det er gjort, oppfordrar ein konsulentar å kontakta NVE for å avklare berekningsmåtar og val før berekningane vert sendt til NVE.

Flomberekningar

I regi av Energi Norge er det planar om eit FoU-prosjekt med målsetning å utvikla og betra metodikken og grunnlaget for flomberekningane. NVE deltek i diskusjonar og ser positivt på prosjektet. Mange val av metodar og føresetnader og manglar i datagrunnlaget for flomberekningar gjer at det er knytt usikkerheit til resultat. Forhåpentleg vil FoU-prosjektet enda opp med anbefalingar som gjer at ein kan få berekningar med betre resultat.

I samband med mangelfullt datagrunnlag minner ein om kravet i forskrifta sin § 5-4. Der står at ”Der datagrunnlaget for flomberegninger er mangelfullt, skal det tillegges en sikkerhetsmargin ved dimensjonering og kontroll av dam og flomløp”. I ”Retningslinjer for flomberegninger” er i tabell 8.1 angitt klassifisering av flomberekning i 5 klasser, der klasse 1 har det beste hydrologiske grunnlaget og klasse 5 det dårligaste. Vi anbefaler at det vert gjort følsomheitsanalyser på tillaupsflommen for å sjå kva utslag det har på vasstanden der flomberekningane er klassifisert frå klasse 3 til 5.

Vi minner også om at det i retningslinja for flomberekningar står at ”Flomberegninger for dammer skal normalt ikke gi lavere verdier enn flomberegninger for flomsonekartlegging dersom det er benyttet samme datagrunnlag, da forutsetningene er mer konservative ved beregninger for dammer enn for flomsonekartlegging”. Det er eit viktig punkt å sjekka ut for fagansvarleg ved nye berekningar. NVE har også fokus på dette ved sin kontroll og godkjenning.

Kompetanse

Den årlege innrapporteringa viser at det er store manglar når det gjeld kvalifisert personell hjå mange eigarar. Det vanlege er å ha VTA tilsett hjå eigar, men i somme tilfelle har mindre eigarar gått saman om ein felles VTA eller mindre eigarar hentar inn VTA-tenester frå konsulentar som berre sel VTA-tenester. Slik innleige viser seg også i mange tilfelle å fungera, men det er viktig at det ikkje blir for stor geografisk spreiding på eigarane og anlegga og for mange anlegg for ein VTA. Særleg er dette viktig ved beredskap, då VTA vil måtte kunna vera tilgjengeleg for fleire eigarar på same tid. Eigarane som ikkje har VTA må straks setja i gang prosessen med å få på plass ein godkjent VTA for sine vassdragsanlegg.

Oversikt NVE har viser at av dei godkjente VTA-ane er over 70 % eldre enn 50 år og i underkant av 30 % eldre enn 60 år. Den ansvarlege skal etter internkontrollforskrifta ha ein plan (kompetanseplan) for

å skaffa seg, oppretthalda og utvikla den faglege kompetanse sin. Med tanke på aldersprofilen og at mange VTA-ar snart vert pensjonistar, er det viktig med ein slik plan.

Tekniske planar

Hausten 2012 gav NVE ut ny vegleiar til damsikkerheitsforskrifta om planlegging og bygging. Den gir detaljar rundt føresegner om teknisk krav, teknisk planar, bygging og idriftssetting og beskriv NVEs forvaltningspraksis ved handsaming av planleggings- og byggeprosessen ved anlegg som kjem inn under damsikkerheitsforskrifta. Den omhandlar krav til dokumentasjon av dammar og vassdraganlegg som må leggast fram i forbindelse med plan- og byggefasen.

Me ber om at godkjente fagansvarlege og VTA-ar set seg inn i innhaldet i denne vegleiaren og at dokumentasjonen som vert sendt NVE til godkjenning er i samsvar med denne. Det vil gjera at NVE kan behandla dokumentasjonen raskare. Særleg viktig blir dette for eigarar som søker om "EL- sertifikat" og må ha anlegga i drift innan fristen i 2020.

Damdatabasen SIV

Tilgangen til damdatabasen SIV har vore stengt for eigarar av dammer den siste tida på grunn av at ein ny versjon er underutvikling og informasjonen i gammal versjon ikkje lenger er oppdatert . Ein ny versjon av damdatabasen SIV er under utvikling og vil verta tilgjengeleg for bransjen i løpet av våren 2013. Nærmare informasjon om dette vil bli gitt.

Med helsing


Ingunn Åsgard Bendiksen
avdelingsdirektør


Lars Grøttå
seksjonssjef

Kopi: OED, Energi Norge